HERØY KAJAKK KLUBB

# STYREMØTE 15.02.2011

## MØTEREFERAT

**TYSDAG** 21.00 FOSNAVÅG REDERIPARK

| | |
|---|---|
| **MØTE INNKALT AV:** | Leiar Christer Torvik |
| **MØTETYPE** | Planleggingsmøte |
| **MØTELEDER** | Leiar Christer Torvik |
| **PROTOKOLLFØRER** | Leiar Christer Torvik |
| **DELTAKERE** | Tor-Inge Warholm, Eldar Myrhol, Christer Torvik, Tomas Paulsen, Jan Ytrehorn |

## Emne på dagsordenen

### SAK:1 PRIS PÅ KURS FOR MEDLEMAR

| | |
|---|---|
| **DISKUSJON** | Det blei i 2010 registrert medlemar i HKK som melde seg inn kunn grunna rabattar på NPF kurs. Er dette eit problem i år også? Kan vi med retten på vår side hindre slike medlemar? |
| **KONKLUSJONER** | Herøy Kajakk Klubb vil ikkje auke kursavgiftene for 2011 sidan dette er eit relativt lite problem. Vi håpar også på att denne trenden vil snu når vi no har økt medlems kontingenten.<br><br>Følgjande gjeld:<br><br>NPF Introkurs – 600.-<br>NPF Grunnkurs/Teknikkurs – 1500.-<br><br>Alle prisane inkluderar nødvendig utstyr til å delta på kurset. Kurshaldar er den ansvarlige og skal melde om skadar og manglar til styret. Ved kursing utanfor klubb regi gjeld egne leigeprisar på utstyr. |

| **GJØREMÅL** | **ANSVARLIG** | **TIDSFRISTDATOER** |
|---|---|---|
| INGEN TILTAK. | | |

### SAK:2 AVD. ULSTEIN

| | |
|---|---|
| **DISKUSJON** | Jon Oli og Mildrid ynskjer å lagre nokre kajakkar i Ulsteinvik. Dei har ein lovnad om å nytte privat naust til lagring. Dette vi da bli avdeling Ulstein. |
| **KONKLUSJONER** | HKK styret er einige om å arbeide vidare med denne saka. Jon Oli og Mildrid får medhald om å innhente ein avtale om naustbruk i Ulsteinvik. Herøy Kajakk Klubb vil legge til rette for flytting av kajakkar når avtalen er på plass.<br><br>Kajakkar som vil bli disponible i Ulstein:<br>2 x Tahe Vind<br>1 x Hasle Touring<br>2 x Hasle K-400 (barnekajakker) |

| **GJØREMÅL** | **ANSVARLIG** | **TIDSFRISTDATOER** |
|---|---|---|
| Utarbeide avtale med nausteigar | Jon Oli Arnason | ASAP |

HERØY KAJAKK KLUBB

## SAK:3 POLOKAJAKK

| | |
|---|---|
| **DISKUSJON** | Det er fortsett interesse for å skaffe polo kajakkar til bruk i bassenget og for å reklamere for sporten på høvelige arrangement. HKK styret er einige om en moderat satsing på polo kajakk sidan detter er nytt for folk flest.<br><br>Omfang av satsing og størrelse på innkjøp? |
| **KONKLUSJONER** | Herøy Kajakk Klubb vil investere i 4 stk. polo kajakkar til stallen. Det er ynskje om 2 stk. raude kajakkar og 2 stk. blå kajakkar med vest, åre og hjelmar.<br><br>Det må innhentast prisar og komplett tilbod til neste styremøte. |

| GJØREMÅL | ANSVARLIG | TIDSFRISTDATOER |
|---|---|---|
| Innhente prisar på 4 stk. komplette polo kajakkar. | Christer Torvik | Til neste styremøte. |

## SAK:4 FORSIKRINGAR

| | |
|---|---|
| **DISKUSJON** | Herøy Kajakk Klubb er no i avslutningsfasen på klubbnaustet som inneheld ein stall på 18 kajakkar med variert utstyr. Der iblant 4 kajakkar som NAV Herøy skal disponere (sjå avtale mellom HKK og NAV Herøy)<br><br>Grunna desse verdiane er det kanskje ein ide å forsikre inventar og klubbnaustet. |
| **KONKLUSJONER** | Styret i HKK er einige om å innhente prisar på forsikring av inventar og klubbnaustet. Det viktigaste er klubbnaustet. |

| GJØREMÅL | ANSVARLIG | TIDSFRISTDATOER |
|---|---|---|
| Innhente prisar på aktuelle forsikringar | Christer Torvik | Til neste styremøte. |

## SAK:5 KLUBB NAUSTET

| | |
|---|---|
| **DISKUSJON** | Herøy Kajakk Klubb sitt naust er nær sluttføring. Det bør utnemnast ein naustansvarlig "vaktmeister" som kan organisere dugnadar og halde framgong på resterande arbeid.<br><br>Ansvarsområde til naustansvarlig. |
| **KONKLUSJONER** | Styret i HKK tildelar Tomas Paulsen tittelen som naustansvarlig.<br><br>Ansvarsområde til naustansvarlig:<br>• Halde orden på resterande byggearbeid.<br>• Organisere dugnad.<br>• Delegere naust arbeid til andre i klubben.<br>• Legge fram forbetringar til styret.<br>• Ordensansvarlig i naustet. |

| GJØREMÅL | ANSVARLIG | TIDSFRISTDATOER |
|---|---|---|
| Utarbeide arbeidsliste og organisere dugnadar | Tomas Paulsen | ASAP. |

HERØY KAJAKK KLUBB

SAK:6 AKTIVITETAR 2011

| | |
|---|---|
| **DISKUSJON** | HKK UT PÅ TUR 2011<br><br>Som lear av Herøy Kajakk Klubb vil eg att vi skal satse på mykje tur verksemd i 2011. vi må bli flinkare å arrangere turar som er planlagde lengst mogleg på førehand. Utarbeide ein aktivitetskalender der medlemar kan hjelpe til på turar og fleire blir lokka med ut på tur.<br><br>Styret i HKK ynskjer også å delta på fleire treff i 2011. for å trekke medlemar med bør klubben kunne dekke mesteparten av utgiftene for å delta på slike arrangement.<br><br>Aktivitetsleiarane i HKK bør utarbeide ein kursplan for 2011. dermed gi medlemar litt lengre frist for påmelding og fleire anledningar for å delta på NPF sin kurssige i 2011 |
| **KONKLUSJONER** | Herøy Kajakk Klubb satsar tungt på tur, treff og kursing i 2011.<br><br>Aktivitetsleiarane i HKK skal i fellesskap utarbeide kurstilbodet for medlemane og publisere denne på nettsida og ut til folk flest.<br><br>Heile styret i HKK skal jobbe for flest moglege arrangerte turar framover. Turar vil bli publiserte på nettsida og på mail.<br><br>Styret har i kveld satt opp følgjande turønske for 2011:<br>• SNIPSØYRVATNET<br>• SKORPA<br>• WARHOLMEN<br>• KVITØYA<br>• AKTIVITETSSAMLING<br>• GEIRANGER<br><br>Dei nemnde turane vil bli planlagt ASAP og formidla vidare til alle medlemane. Det vil også bli oppmoda om deltaking frå medlemsmassen i å organisere turar ilag med styret.<br><br>For dei som vil delta og hjelpe styret med denne jobben TA KONTAKT!! |

| GJØREMÅL | ANSVARLIG | TIDSFRISTDATOER |
|---|---|---|
| HKK UT PÅ TUR 2011 | Styret | ASAP |